

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 26.09.2024, kl. 08:30-14:40
MØTESTAD: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Marit Hermansen	Nestleiar (<i>deltok digitalt</i>)
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Arne Johannessen	Medlem
Silje Skaar Sunde	Medlem
Erik M. Hansen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Jan Tore Odd	Observatør

Forfall

Marita Aarvik, observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Helge Robert Midtbø, kst. direktør Kirurgisk klinikk
Vidar Øvrebø, kst. direktør Drift og eigedom
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Asle Kjølraug, fagdirektør
Heidi Vederhus, stadleg leiar Nordfjord sjukehus
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Kirsten Lerum Indrebø, spesialsjukepleiar
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør

SAKLISTE

Saksnummer	Sakstittel
054/2024	Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet
055/2024	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 21.06.2024
056/2024	Administrerande direktør si orientering
057/2024	Rapportering frå verksemda per august 2024
058/2024	Oppfølging av Ventetidsløftet i Helse Førde
059/2024	Oppnemning av valstyre i samband med val av tilsette sine representantar til styret i Helse Førde HF
Saker til orientering:	
060/2024	Nye Førde sjukehus - løypemelding
061/2024	Økonomiske tiltak – analyse av personell, innleige m.m. - løypemelding
062/2024	Budsjett 2025 - løypemelding
063/2024	Bierverv i Helse Førde - status
064/2024	Eventuelt Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Spesialsjukepleiar Kirsten Lerum Indrebø som har disputert orienterte om avhandlinga **Utvikling og evaluering av et klinisk tilbakemeldingssystem med pasientrapporterte data for å fremme tilpassing til å leve med stomi**

Samarbeidspartnarar var Helse Førde og Norsk Sykepleierforbund.

Tema i presentasjonen:

Bakgrunn

Formålet med studien

Kva er PRO/KTS

Kva inneheld ein poliklinisk sjukepleiekonsultasjon for stomiopererte med PRO/KTS og korleis ser rapporten ut under konsultasjonen

Artiklar

Oppsummering og vegen vidare

Kan oppfylginga hjå stomi- og kontinenssjukepleiar optimaliserast?

Formålet med studien:

Studie I:

Beskrive eit klinisk tilbakemeldingssystem for oppfølging av stomioperert og plan for evaluering (Studieprotokoll)

Studie II:

Å undersøkje om det er mogleg å dele hovudinstrument, spørjeskjemaet The ostomy Adjustment scala inn i meiningsfulle underskalaer

Studie III:

Å studere faktorar som er assosiert med lekkasje frå stomibandasje

Studie IV:

- Å undersøke pasientane sine erfaringar og kor fornøgde dei er med bruk av PRO/KTS i poliklinisk oppfølging
- Å studere korleis tilpassing til å leve med stomi og helsereelatert livskvalitet endrar seg 3, 6 og 12 månader etter stomioperasjonen
- Å studere korleis helsereelatert livskvalitet hjå stomioperert er samanlikna med normalbefolkning
- Å studere kva underskalaer i OAS pasientane vurderte som dei mest utfordrande det første året etter stomioperasjon

Resultat - Tilfredsheit med konsultasjon:

96% av pasientane var fornøgde med konsultasjonen spesielt innan:

- Individtilpassa informasjon
- Medverknad i behandlinga
- Hadde nytte av konsultasjonane

Resultat – Helsereelatert livskvalitet:

- Både fysisk komponert skåre og mental komponert skåre for SF-36 utvikla seg positivt frå 3-12 månader etter operasjonen
- Effektstørrelsane var små

Oppsummering/ konklusjon:

Spørjeskjema OAS kan delast inni meiningsfulle underskalaer. KTS kan vere eit hjelpemiddel i kommunikasjonen mellom pasient og stomi- og kontinenssjukepleiar. Pasientane var fornøgde med konsultasjonane. Tilpassing til å leve med stomi og helsereelatert livskvalitet bedra seg gjennom første året etter stomioperasjon. Stomiopererte har litt dårlegare helsereelatert livskvalitet enn normalbefolkninga. Pasientane rapporterte om at den største utfordringa var innan tilpassing var seksualitet.

Styret takka for fin gjennomgang av innlegget.

Sak 054/2024 Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Marit Hermansen deltok digitalt
- Marita Aarvik hadde meldt forfall

- Jan Tore Odd møtte som observatør
- Budsjettsaka blir flytta fram til rett etter rapportering frå verksemda

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 055/2024 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 21.06.2024

Adm. direktør Varden innleia om spørsmål til høyringar i førre styremøte.

Fagdirektør Kjølraug orienterte om råda i høyring om overdoseforbyggande tiltak.

Direktør Tvedt orienterte om barnevernslova. Vi hadde ikkje vesentlege innspel.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 21.06.2024.

Sak 056/2024 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia med bilde frå:

- Statsrådsbesøk 25. september av Oddmund Hoel og Erling Sande. Frå hausten 2025 startar medisinarutdanninga, med 20 plassar. Vi må bygge opp eit akademisk miljø frå 2028. Dette blir eit løft for Helse Førde og kommunane, med oppbygging av legeutdanninga i Førde.
- Besøk av Statsminister Jonas Gahr Støre ved opning av Livabygget 20. august.
- Besøk av helseminister Jan Christian Vestre 10. september, med omvisning i Livabygget.
- Ny MR ved Nordfjord sjukehus. Neste styremøte vert ved Nordfjord sjukehus, og det blir omvisning ved nye MR
- Prøvelanding nytt redningshelikopter er gjennomført. Landingsplassen er godkjent, og nokre justeringar må gjerast før oppstart.

1. Rapportering tilsynssaker**2. Oversikt over aktuelle høyringar**

Jf. sak 055/2024

3. Saker til oppfølging etter styremøte**4. Oppfølging styrevedtak Tronvik - status**

Direktør Tvedt orienterte om oppfølging av tverrfagleg spesialisert rusbehandling.

- To pasientar i døgnbehandling utanfor Helse Vest
- 12,67 tilsette "på topp" i september. Forventar redusert med 3 frå oktober.
- Tilstreккеleg kapasitet pr. no, men vi må følge med utover hausten

Direktør Tvedt orienterte om føringar i tilleggskdokumentet til styringsdokumentet.

Kst. direktør Øvrebø orienterte om oppfølging av bygningsmassen ved Tronvik:

- Det har vore kostnader ved vedlikehald, sjølv om bygning ikkje er i bruk
- Interessentar for kortidsleige har vore vurdert som ikkje aktuelt
- Salg av eigdommen Tronvik er no i prosess. Bygningar på nedsida av vegen er utleigde

5. Oppfølging styrevedtak Florø - status

Kst. direktør Øvrebø orienterte om oppfølging av bygningsmassen i Florø:

- Vi har vore i forhandlingar med eigar om ombygging for å samle vår aktivitet i 2. etg.
- Årlege leigekostnader vert redusert med 1,4 millionar, som var målet
- Leigeperioden startar 01.01.2025, med 10-års avtale

6. Lærdal sjukehus – ortopedisk seksjon – orientering

Kst. direktør Midtbø orienterte om Ortopedisk sengepost ved Lærdal sjukehus:

- Frå 3. februar 2025 startar den nye turnus for ortopedi og medisin
- Mål om å auke elektive på operasjon, og samtidig ta ned sengetal

7. Skadepoliklinikk Nordfjord sjukehus – orientering

Adm. direktør Varden orienterte om Skadepoliklinikken ved Nordfjord sjukehus:

- Sak blir tidlegast lagt fram for styret 24. Oktober, og det vert omvisning på Skadepoliklinikken

8. Ny direktør Kirurgisk klinikk

Adm. direktør Varden orienterte om at Bjørn Morten Øen er tilsett som direktør for Kirurgisk klinikk i Helse Førde.

Ny organisering for Kirurgisk klinikk starta 2. september 2024. Det er etablert to nye avdelingar: Prehospital avdeling og AIO.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 057/2024 Rapportering frå verksemda per august 2024

Oppsummering:

Administrerende direktør Varden innleia rapporteringa

- Indikatorane for tilgjengelegheit har som venta ei negativ utvikling for somatikk gjennom sommaren
- I august er det registrert 256 nye fristbrot
- Innen psykisk helsevern for barn og unge held ventetid for behandling seg for høg
- Det var 3 nye fristbrot i psykisk helsevern for born og unge i august
- Resultatet for august vart eit negativt resultat på 5,2 millionar kroner, eit negativt avvik mot budsjett på 5,0 millionar
- Største utfordringa for Helse Førde er området personalkostnader, sjølv om det denne månaden syner eit marginalt overforbruk på 0,7 millionar
- Samla sjukefråvær var 8,3 prosent i juli. AD er uroleg for auken i sjukefråværet, og vil kome tilbake til styret i neste møte med ei eiga sak om sjukefråværsoppfølging

Fagdirektør Kjørlaug orienterte om: Fag og kvalitet

Aktiviteten - overordna pasientflyt august viser:

Nytilviste 5 199 (1%)	Ventelistekø 6 053 (-10%)	Totaltø 46 088 (0%)	Avslutta 4 553 (-10%)
--------------------------	------------------------------	------------------------	--------------------------

- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt
- Fristbrot, viser 256 nye siste månad

Pakkeforløp kreft:

Mål for pakkeforløp er 70%. Totalt viser måloppnåing 58% i andre kvartal 2024.

Utfordring er:

- Prostatakraft, 42%
- Tykk og endetarmskraft, 78%
- Brystkraft, 44%

Direktør Tvedt orienterte om Psykisk helsevern:

- Aktivitet viser jamn kurve. Avvisingsprosenten har stege litt
- Auke i fristbrot dei siste åra. Fristbrot viser fem i august. Kort tid frå fristbrot til time
- PHV - barn og unge
- PHV - tverrfagleg spesialisert rusbehandling
- PHV - døgn
- Ventetid og fristbrot er bekymringspunkt
- Bruk av tvang i Helse Førde, viser at vi har lågast tall i Helse Vest

Risiko og utfordringar:

- Ventetid og fristbrot i Psykisk helsevern for born og unge
- Kapasitet sikkerheitspsykiatri

- Vakante stillingar – behalde og rekruttere
- Arbeidspres poliklinikk
- Vald og truslar mot medarbeidarar

Sommarstenging Indre Sogn psykiatrisenter, i tidsrommet 28.06.-22.07.2024

- Sentrale element under sommarstenginga
- Erfaringar – kva gjekk bra?
- Erfaringar - forbetningsområde

Det er gitt signal til Indre Sogn psykiatrisenter om at dette kan bli gjennomført også i 2025.

Økonomidirektør Helleseth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

- Vi er no 58 millionar bak budsjett. Denne månad var minus 5 millionar
- Sjukefråværet er høgt
- Aktivitet somatikk
- Aktivitet psykisk helsevern
- Belegg på sengepostar er 73%. Det blir interessant å sjå utviklinga etter innflytting i Livabygget
- Spesielle postar er: Omstilling Tronvik og ventetidsløftet
- Andre postar er: H-resept, medisinsk heimebehandling, gjestepasientar og pasienttransport

Styreleiar Krakhellen kommenterte at personalkostnader vert viktig å ta tak i.

Det er litt vanskeleg for styret å lese verksemdsrapporten, henvisning til netto og brutto månadsverk (er ulik skriving i malen for klinikkane)

Prognose 2:

Adm. direktør Varden innleia om at prognose 2 er utarbeidd på bakgrunn av drift til og med august, andre kjende faktorar og vurdering av risiko vidare.

Økonomidirektør Helleseth orienterte om:

- Prognose 2 = meirforbruk på 65 millionar mot budsjett
- Ei positiv utvikling samanlikna med prognose 1
 - Revidert nasjonalbudsjett
 - Endra tidspunkt for konvertering byggelån
 - Omstillingsmidlar Tronvik
 - God aktivitet
 - Effekt av tiltak
- Samla er meirforbruk i somatikk på 120 millionar kroner
- Forbetring frå prognose 1:
 - Forbetring i stab, Drift og eigedom og budsjetteknisk
 - Litt mindre "mindreforbruk" Psykisk helsevern
 - Noko auka meirforbruk Medisinsk klinikk
 - Uendra prognose for Kirurgisk klinikk

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per august 2024 til vitende.

Sak 058/2024 Oppfølging av ventetidsløftet i Helse Førde**Oppsummering:**

Øyremarka midlar knytt til ventetidsløftet utgjer ei samla løyving på 8,3 millionar kroner til Helse Førde, og desse er fordelte til konkrete tiltak for å redusere ventetidene. Det er fordelt midlar til medisinsk klinikk, kirurgisk klinikk og psykisk helsevern. Per august er det inntektsført 1,2 millionar kroner av dei samla øyremarka midlane.

I høve ventetidsløftet har administrerande direktør gjeve ekstra økonomiske midlar til prioriterte kirurgiske fagområde (generell kirurgi, auge, øyre-nase-hals), samt medisinsk avdeling og barne- og ungdomspsykiatrien. Desse ekstra tildelingane har enno ikkje gitt seg utslag i lågare ventetid. Administrerande direktør ventar auke i ventetida, spesielt innan dei kirurgiske faga i samband med innflytting i Liva-bygget, og det er difor halde av økonomiske midlar som kan nyttast på dei fagområda som viser seg å bli mest råka av flyttinga.

Adm. direktør Varden innleia om ventetidsløftet:

Helseministeren har stort fokus på ventetidsløftet. Det er eit forventning på overordna nivå med reduksjon i ventetidene for å nå langsiktige mål. Vi skal rapportere til styret.

Fagdirektør Kjørlaug orienterte om ventetidsløftet, med langsiktige mål:

- Somatikk: 50
- PHV voksne: 40
- PBU: 35
- TSB: 30

Vi skal rapportere månadleg. Det er utarbeidd trafikklysmoell frå Helse Vest, for å følgje opp utviklinga i ventetider.

Ventetidsløftet i Helse Førde:

- Alvorlege tilstandar og høg risiko for forverra helse ved lange ventetider
- Mange pasientar på venteliste og/eller i forløp
- Lange ventetider
- Utfordringar

Tiltaksliste Helse Vest:

- Betre oppgåveplanlegging
- Redusere re-planlegging
- Justere nasjonale rutinar for ventetidsregistrering
- Fremje eininga med gode resultat

- Betre arbeidet med oppgåvedeling

Lokal koordineringsgruppe er oppretta for å koordinere styringsinformasjon til tiltaksliste frå Helse Vest. AD vil at føretaksleiinga supplert med hovudverneombod og tillitsvalde skal utgjere lokal koordineringsgruppe, med møtefrekvens kvar 14 dag.

Adm. direktør Varden orienterte om:

Sum tilskotsmidlar til Helse Førde er på 29,7 millionar kroner.

Prioritering – varig styrking basisramme

1. Oppgåvegliding frå lege til sjukepleiar
2. ADHD-sjukepleiar (PHV)
3. Budsjetteknisk – Seinare prioritering, samt MTU og byggtkniske tiltak for å effektivisere og auke kapasitet

Fordeling av 8,3 millionar i øyremerka midlar:

Kirurgisk klinikk 2,8 millionar

Medisinsk klinikk 1,5 millionar

Psykisk helsevern 0,7 millionar

Resterande midlar på 3,3 millionar vil bli fordelt seinare.

Vedtak (samrøystes):

Styret tar orientering om oppfølging av ventetidsløftet i Helse Førde til vitende.

Sak 059/2024 Oppnemning av valstyre i samband med val av tilsette sine representantar til styret i Helse Førde HF

Oppsummering:

Forskrifta for val av dei tilsette sine representantar til styret vart sett i verk i 2003.

Førre val vart gjennomført i februar 2023.

Styret utnemner representantar til valstyret som får i oppgåve å gjennomføre valet i samsvar med "Forskrift til helseforetakslovens bestemmelser om de ansattes rett til representasjon i regionale helseforetak og helseforetaks styrer".

Vedtak (samrøystes):

1. Det vert oppnemnd valstyre for val av tilsettere representantar til styret i Helse Førde HF. Medlemmar av valstyret vert:
 - Randi Rambjørg, føretakstillitsvald Delta, Helse Førde HF
 - Clarence Johnpillai, føretakstillitsvald Dnlf, Helse Førde HF
 - Inger Johanne Sætenes, seksjonsleiar HR-rådgjeving, Helse Førde HF
2. Valstyret vel leiar og nestleiar når valstyret har konstituerande møte. Val av tilsettere representantar til styret i Helse Førde og Helse vest sitt styre vert å

gjennomføre på ein best mogleg samordna måte for å utnytte ressursane og avgrense kostnadene så langt dette er mogeleg.

3. Valet tek sikte på å vere gjennomført innan utløpet av februar 2025.

Saker til orientering:

Sak 060/2024 Nye Førde sjukehus - løypemelding

Oppsummering:

Saka handlar om behovet for å signalisere ein auke i ramma til Svana mini som følgje av presserande behov innan medisinsk-teknisk utstyr, og ei løypemelding i forhold til innflytting i Livabygget.

Adm. direktør Varden innleia om Nye Førde sjukehus.

Saka er delt i to: Prosess ny CT og utskifting anesthesiapparat

Vi har fire CT-maskiner i Helse Førde. Den eldste CT er i Førde sentralsjukehus. Vi må starte ein prosess for å skifte den eldste CT-maskina.

To av dei nye operasjonsstovene manglar eigne anesthesiapparat. Vi må ha likt anesthesiapparat ved sjukehus. AD ønsker å starte ein prosess for utskifting av anesthesiapparat.

Prosjektleder Solhaug orienterte frå innflyttinga i Livabygget med bilder.

- Organisering av sekretariat for flytting, med faste møter og god støtte frå støtteapparat
- Tidslinje for innflytting i Livabygget

Erfaringane så langt viser eit stort eigarskap hos driftseiningane og dei tilsette.

Vegen vidare:

- Pasienthotellet er viktigaste og mest krevjande milepel som står att i flyttearbeidet
- Restarbeid Svana 1
- Svana mini
- Det pågår arbeid med å avklare sluttoppdrag for Livabygget

Styret kommenterte at det har vore eit imponerende arbeid med flytteprosessen.

Framlegg til vedtak:

Styret tek administrerande direktør si orientering om status i forhold til Helse Førde sine CT-maskiner, anestesiapparat til operasjonsstover og løypemelding innflytting i Livabygget til vitende.

Endringsframlegg frå styret:

1. Styret tek administrerande direktør si orientering til vitende.
2. Styret støttar administrerande direktør sin skisserte prosess for kjøp av CT-maskiner og anestesiapparat til operasjonsstover.
3. Styret anerkjenner den store jobben som tilsette har gjort så langt for å gjennomføre flytting til Liva-bygget, og er imponert over både resultat av byggjeprosess og innflytting.

Votering:

Styret sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek administrerande direktør si orientering til vitende.
2. Styret støttar administrerande direktør sin skisserte prosess for kjøp av CT-maskiner og anestesiapparat til operasjonsstover.
3. Styret anerkjenner den store jobben som tilsette har gjort så langt for å gjennomføre flytting til Liva-bygget, og er imponert over både resultat av byggjeprosess og innflytting.

Sak 061/2024 Økonomiske tiltak – analyse av personell, innleige m.m. - løypemelding

Oppsummering:

Adm. direktør Varden innleia om økonomiske tiltak – analyse av personell, innleige m.m.:

- Frå 2019 til 2023 har personalkostnader vakse med 5,7 prosent i snitt per år
- Avvik per august 2024 er på 51,4 millionar kroner
- I gjennomsnitt er dette eit meirforbruk på 6,4 millionar kroner, for heile året eit meirforbruk på om lag 80 millionar
- Prognosen for året er eit meirforbruk på 57 millionar kroner
- Veksten innan personalkostnader er ikkje berekraftig

Økonomidirektør Helleseth orienterte om:

- Vekst i personalkostnader – utan arbeidsgjevaravgift og pensjon
- Drivarar for veksten er: brutto månadsverk, tal tilsette, sjukefråvær, vikarbruk/innleige, overtid og utvida arbeidstid
- Helse Førde vs. andre føretak

Kva har vi gjort og vegen vidare

- Vi brukar vesentleg meir på personalkostnader enn det vi gjorde i 2019

- Kartlegging av alle vaktlinjer i Helse Førde

Adm. direktør kjem tilbake til styret om vurderingar og vegen vidare.

Styret etterspør ein konsekvensanalyse på pasient, tilsette, arbeidsmiljø og sjukefråvær.

Styreleiar Krakhellen oppsummerte at det var god analyse, god metodikk, for tema å fordjupe seg til. Vi må sjå på problemområda våre, kostnadsdrivarar innan medisin.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek løypemelding om økonomiske tiltak – analyse av personell, innleige m.m. til vitende.

Sak 062/2024 Budsjett 2025 - løypemelding

Oppsummering:

Helse Førde fekk tildelt førebels rammer frå Helse Vest i juni 2024.

Adm. direktør Varden orienterte om budsjettprosessen.

Økonomidirektør Helleseth orienterte om budsjettet:

- Førebels ramme frå Helse Vest
- Kommentar til endringar
- Resultatkravet vert endra frå minus 2 millionar kroner til minus 50 millionar kroner i 2025
- AD er uroa for dei låge investeringsrammene som føretaket opererer med
- Uroa knyter seg spesielt til medisinsk-teknisk utstyr

Vedtak (samrøystes):

Styret tar løypemelding om budsjett 2025 til vitende.

Sak 063/2024 Bierverv i Helse Førde - status

Oppsummering:

Styret i Helse Førde har sidan 2016 hatt status for bierverv som årleg sak, samt tiltak og aktivitetar knytt til dette.

Hausten 2018 sette styret i Helse Førde bierverv som tema på dagsorden, og bad administrasjonen sikre at det vart gjort nok for å registrere rett tal bierverv i systemet.

Per i dag er det 82 medarbeidarar som har 115 godkjende bierverv. Rapporten viser litt nedgang i tal registrert bierverv i perioden samanlikna med 2023.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si orientering om bierverv i Helse Førde til vitende.

Sak 064/2024 Eventuelt

Styreleiar Krakhellen orientere om at vi har styreseminar i november, iht årsplanen. Innspel og ønske på tema til styreseminar kan sendst inn.

Neste styremøte vert ved Nordfjord sjukehus. Det vert også møte med felles brukarutval.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var utsendt:

- Brev frå Statsministeren, datert 03.09.2024
- Tilleggsdokument til styringsdokument 2024
- Samhandlingsnytt juni 2024
- Referat frå møte i felles brukarutval 29.05.2024
- Referat frå møte i felles brukarutval 10.04.2024

Ref. Berit Irene Haarklau
26.09.2024

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Marit Hermansen	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Arne Johannessen	Medlem
Silje Skaar Sunde	Medlem
Erik M. Hansen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem